

# FISKERIDIREKTØREN

Bergen, 10.10.83  
OM/TSL

432.33

## MELDING FRA FISKERIDIREKTØREN

J. 128/83  
(Jfr. J. 84/83)

### FORSKRIFTER OM FISKE ETTER SILD I EF-SONA OG I NOREGS ØKONOMISKE SONE SØR FOR 62° N. BR. - FLÅTEDELINGSPAKKEN.

Med heimel i § 1, andre stykke i Fiskeridepartementet sine forskrifter av 10. juni 1983 om fiske etter sild i Noregs økonomiske sone sør for 62° n. br. har Fiskeridirektøren 7. september 1983 fastsett følgjande endring i nemnde forskrifter:

#### I

§ 1, første stykke skal no lyde:

I ICES-statistikkområda IVa og b i EF-sona og i området utanfor fiskerigransa i Noregs økonomiske sone i Nordsjøen sør for 62° n. br., kan norske ringnotfartøy fra 13. juni 1983 fiske inntil 5.000 tonn sild til menneskemat.

I EF-sona er det likevel i nemnde område forbode å fiske aust om 3° a. l.

#### II

Denne forskriften tek til å gjelda straks.

Etter denne endringa har forskriftene denne ordlyden:

Med heimel i §§ 1 og 37 i lov av 25. juni 1937 og sild- og brislingfiskeriene jfr. kgl. res. av 17. januar 1969 og av 8. januar 1971 og § 10 i lov av 16. juni 1972 om regulering av deltakelsen i fisket jfr. kgl. res. av 8. september 1972, har Fiskeridepartementet 10. juni 1983 bestemt:

§ 1 (endra)

I ICES-statistikkområda IVa og b i EF-sona og i området utanfor fiskerigransa i Noregs økonomiske sone i Nordsjøen sør for 62° n. br. kan norske ringnotfarty frå 13. juni 1983 fiske inntil 5.000 tonn sild til menneskemat.

Fiskeridirektøren kan utvida virkeområdet for disse forskrifter.

I EF-sona er det likevel i nemnde område forbode å fiske aust om 3° a. l.

§ 2

Fiskeridirektøren kan stogge fisket når totalkvoten i § 1 er pårekna oppfiska.

§ 3

Ingen kan levera meir enn 1.500 hl pr. tur.

Noregs Sildesalslag kan innanfor turkvoten, nemnd i første ledd fastsetje særskild turkvote for landing i Danmark.

Noregs Sildesalslag kan innanfor turkvoten nemnd i første ledd fastsetje særskild turkvote med heimel i § 5 i lov av 14. desember 1951 om omsetning av råfisk.

§ 4

Konsesjonspliktige ringnotfarty som skal ta del i fisket, må melde frå skriftleg til Fiskeridirektøren.

Fiskeridirektøren kan fastsetje frist for påmelding.

Farty som er med i dette fisket, kan ikkje ta del i sommarloddefisket i Barentshavet i 1983.

§ 5

Det er forbode å ta opp av sjøen, låssetje eller omsetje sild mindre enn 20 cm.

Utan hinder av forbodet i første ledd kan kvar landing ha inntil 10 % i vekt av sild under 20 cm.

§ 6

Fiskeridirektøren kan gje nærmere forskrifter om gjennomføring og utfylling av desse forskriftene, også reglar om prøvetaking og kontroll av fangstane.

§ 7

Forsettlege og aktlause brot på desse forskriftene vert straffa med bøter med heimel i § 11 i lov av 16. juni 1972 om regulering av deltakelsen i fisket og § 80 i lov av 25. juni 1937 om sild- og brislingfiskeriene.

§ 8

Desse forskriftene tek til å gjelde straks.

-----